



Sigve Eldøy
Lyngnesvegen 6
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2743 - 16/23251

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
08.12.2016

Tilskot til grøfting av jordbruksareal på Gbnr. 51/6 Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 416/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad datert 09.11.2016 der Sigve Eldøy søkjer om kommunalt tilskot til grøfting for 2016. Utval for drift og utvikling vedtok i sak 76/201 på møte 25.10.2016 at grøfting skulle vera prioritert for tilskot i inneverande år, og at det kunne nyttast inntil kr. 20 /løpemeter. Sigve Eldøy søkjer om tilskot til 330 meter med grøfting på gbnr. 51/6.

Det er komen inn 6 søknader på til saman 1935,6 meter. For 2016 har Meland sett av ei budsjettramme på kr. 35 000 til fordeling. Dette gjev ein sats på kr. 18 pr. lm

Kommunestyret vedtok i 2002 retningsliner for handsaminga v tilskot til landbruksføremaal. Målet for midlane er å medverka til å fremja gode landbrukstiltak i kommunen. Det er mellom anna vilkår om at søkjar må ha rett på produksjonstilskot og at arbeidet må vera ferdig.

For 2016 Utval for drift og utvikling gjorde difor vedtak om å prioritera grøfting for kommunalt tilskot i 2016.

Vurdering:

Ei av hovud utfordringane for jordbruket i Meland er dårleg grøftetilstand på mange areal. Endring av klima, tyngre maskiner kombinert med gamle grøfter gjer at ein god del areal står i fare for å gå ut av drift fordi det er kostbart og arbeidskrevjande å grøfte. Grøfting har difor stor verknad både for å auka avlingsnivå og avlingskvalitet, betra driftstilhøve på bruka og for skjøtsel av kulturlandskapet.

Regnestykket vert slik:

Gjennomført grøfting i meter	Tilskotssats kr/m:	Sum:
330	18	6000

*Avrunda til nærmaste 100

Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak er viktig og i tråd med dei kommunale retningsliner.

Vedtak

«Meland kommune løyver kr. 6000 i tilskot til Sigve Eldøy for 330 meter grøfting på gbnr. 61/6. Løyvinga vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290 i tråd med retningsliner vedteke av kommunestyret i 18.12.02 sak 131/02.

Tilskotet vert overført kontonummer som er nytta i samband med søknad om produksjonstilskot.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Sigve Eldøy

Lyngnesvegen 6 5917

ROSSLAND